



NVE

Grunngjeving for vedtak

Godkjenning av detaljplan for Tjora transformatorstasjon

Sola kommune i Rogaland fylke



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshaver	Lnett AS
Referanse	202515046-34
Dato	19.12.2025
Ansvarlig	Anne Johanne Kråkenes
Saksbehandler	Torben Lode

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Innhald

Innhald	3
1 Bakgrunn	4
1.1 Innleiing	4
1.2 Dokumentets innhald og struktur	5
2 Høyring og innkomne fråsegn	5
2.1 Detaljplanen har ikkje vore på høyring	5
2.2 Innspel til detaljplanen	5
3 NVE si vurdering av endringar frå konsesjonen	6
4 NVE si vurdering av detaljplanen	6
4.1 Kva vurderer NVE?	6
4.2 Detaljplanlegging av arealbruk	6
4.2.1 Arrondering og istandsetting	8
4.2.2 Permanente anleggsveier	8
4.2.3 Gang- og sykkelveg	9
4.2.4 Mellombels køyrespor	9
4.2.5 Riggområde	10
4.2.6 Vinsj- og trommelplass	10
4.2.7 Masselager	10
4.3 Naturmangfald	11
4.3.1 Fugl	11
4.3.2 Framande artar	12
4.4 Støy	13
4.5 Støv	14
4.6 Jordbruk	14
4.7 Naturfare	15
4.8 Kulturminne	16
4.9 Riving av eksisterande anlegg	16
4.10 Oppsummering	16

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:
www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



1 Bakgrunn

1.1 Innleiing

Den 13. juni 2024 fekk Lnett konsesjon frå NVE for å bygge Tjora transformatorstasjon. NVE grunn gav dette med betra forsyningstryggleik ved auka kapasitet for å imøtekomme aukande effektbehov og tilrettelegge for utvikling av regionalnettet i Sola kommune. Eksisterande Risavika transformatorstasjon vart sett i drift i 1967 og store deler av stasjonen har oppnådd sin forventede levealder. Tiltaket inneber òg å sanere eksisterande Risavika transformatorstasjon. Lnett fekk oppdatert anleggskonsesjon for anlegga 13. oktober 2025, sjå omtale om endringane lenger ned.

NVE godkjente på bakgrunn av detaljplan datert 7. august 2025¹ og søknad om delgodkjenning av detaljplan datert 10. september 2025², delvis oppstart av anleggsarbeida ved Tjora transformatorstasjon i vedtak datert 9. oktober 2025.³ Grunnundersøkingar viste at tomte har masser som må stabiliserast for å unngå setningsskadar ved bygging av transformatorstasjonen. Lnett ynskte å nytte tilgjengelege massar frå nærområdet for å belaste tomte i forkant av utbygging, og søkte derfor om å få starte deler av anleggsarbeida før detaljplanen var godkjend.

I forbindelse med kvalitetssikring av detaljplanen datert 7. august 2025 sendte NVE eit svar til Lnett med punkter for utbetring. NVE fekk tilsendt revidert detaljplan med vedlegg den 10. oktober 2025,⁴ ny revidert detaljplan og detaljplankart den 8. desember 2025,⁵ og siste reviderte detaljplan den 12. desember 2025.⁶ Det er detaljplanen datert 12. desember 2025 me no behandlar. Figur 1 viser plasseringa av Tjora transformatorstasjon i Sola kommune, Rogaland.



Figur 1. Oversiktskart for plassering av Tjora transformatorstasjon vist med blå firkant, utsnitt av oversiktskart i detaljplan. Kjelde: Lnett, desember 2025

¹ NVE-ref.: 202515046-4

² NVE-ref.: 202515046-14

³ NVE-ref.: 202515046-22

⁴ NVE-ref.: 202515046-24

⁵ NVE-ref.: 202515046-42

⁶ NVE-ref.: 202515046-52



1.2 Dokumentets innhald og struktur

I dette dokumentet beskriver NVE behandlinga av detaljplanen for Tjora transformatorstasjon. Fyrst presenterer me detaljplanen og samanfattar høyring og innkomne merknader. Deretter presenterast dei vurderingane som er lagde til grunn for vedtaket som NVE har fatta i saken i dag.

NVE sitt vedtak i saka framkjem av dokumentet «Vedtak – Godkjenning av detaljplan for Tjora transformatorstasjon – Lnett AS».⁷

2 Høyring og innkomne fråsegn

2.1 Detaljplanen har ikkje vore på høyring

Energilova opnar for å ikkje sende detaljplanen på høyring når det «finnes unødvendig».⁸ Etter vår vurdering er saka godt nok opplyst til at me kan fatte vedtak utan at detaljplanen sendes på høyring. Lnett la i forbindelse med samtidig søknad om konsesjonspliktige endringar datert 21. mai 2025 fram detaljplanen for Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Rogaland, Sola kommune, grunneigarar, rettshavarar og naboar/gjenbuarar. Detaljplanen er i etterkant justert etter innkomne innspel.^{9,10} NVE meiner derfor at det i denne saken ikkje var naudsynt å sende detaljplanen på høyring.

2.2 Innspel til detaljplanen

Lnett fekk tilsendt fem fråsegn. Innspela som er relevante for detaljplanen er samanfatta nedanfor, saman med Lnett sine kommentarar gjengjevne i kursiv, datert 3. juli 2025.¹¹ Fullstendig oversikt over innkomne fråsegn og kommentarar frå Lnett er tilgjengeleg gjennom [elnnsyn](#).

Rogaland fylkeskommune skriv at det søkte arealet vurderast til å ha lågt potensiale for funn av spor etter førhistorisk aktivitet, men at eventuelle funn ved gjennomføringa av tiltaket straks må varslast til Rogaland fylkeskommune.

Lnett stadfestar at dei vil varsle Rogaland fylkeskommune ved eventuelle funn.

Statsforvaltaren i Rogaland skriv at flytting av kabelendemast med tilhøyrande grøft og anleggsveg råkar fulldyrka jord, og dette området bør berre nyttast i ein mindre tidsperiode for å mogleggjere at landbruksaktivitet kan tas opp igjen snarast mogleg. Vidare påpeikast det at det må vurderast bruk av trykkavlastande lag dersom ein skal bruke tunge maskiner på anleggsvegen, samt viktigheita av å holde åtskilt og ikkje blande dei ulike jordsjikt.

Lnett tek statsforvaltarens innspel om fulldyrka jord til følge i detaljplanen.

⁷ NVE-ref.: 202515046-33

⁸ [Energiloven § 2-2](#) femte ledd (lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.)

⁹ NVE-ref.: 202515046-9

¹⁰ NVE-ref.: 202515046-7

¹¹ NVE-ref.: 202303345-24



Wilmar Kolnes og Magny Kolnes ynskjer å endre jordkabeltraseen slik at den går vidare til neste mast sør frå Tjora transformatorstasjon.

Lnett har hatt dialog med Wilmar Kolnes og Magny Kolnes og diskutert ei løysing der traseen vert justert i tråd med deira forslag, men at den går til endemast som opphavleg tenkt i detaljplanen. Partane har sagt seg positive til dette.

3 NVE si vurdering av endringar frå konsesjonen

Det er ingen endringar frå gjeldande anleggskonsesjon datert 13. oktober 2025.

NVE fekk tilsendt detaljplan samtidig som me også fekk tilsendt søknad om endring av anleggskonsesjon gjeven 14. august 2024. Oppdatert anleggskonsesjon vart gjeven 13. oktober 2025, og detaljplanen beskriv tiltaket i samsvar med desse justeringane.

Kapittel 3 i detaljplanen beskriv alle godkjende endringar frå opphavleg konsesjonssøkt løysing av 4. april 2023 og fram til endeleg detaljprosjektert løysing av i dag.

4 NVE si vurdering av detaljplanen

4.1 Kva vurderer NVE?

Føremålet med ein detaljplan er å sikre at de som konsesjonær tek omsyn til miljø og landskap når anlegget vert bygd og drifta. I vår behandling kontrollerer me at detaljplanen oppfyller aktuelle vilkår i konsesjonen. Me vurderer og kommenterer også andre tema og forhold der konsesjonær eller høyringspartnar ynskjer avklaring frå NVE. Forhold som NVE meiner er beskrive på ein god måte i detaljplanen, og som det ikkje er kome innspel til i høyringa, vert ikkje vurdert nærmare av NVE.

NVE konstaterer at Lnett i detaljplanen stiller ei rekke krav til entreprenør. Me presiserer at det er Lnett som er konsesjonær, og dermed ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande lovverk og løyve for utbygginga av Tjora transformatorstasjon.


Nedanfor presenterer me fyrst våre vurderingar knytt til detaljplanlegginga av arealbruk. Deretter vurderer me avbøtande tiltak i anleggs- og/eller driftsperioden, før me avslutningsvis drøfter resterande tema.

Innspela til detaljplanen som Lnett samla inn er innarbeida i detaljplanen som NVE har motteke, og me omtaler derfor berre kort innkomne innspel nedanfor der aktuelt.

4.2 Detaljplanlegging av arealbruk

I anleggskonsesjonen blei det gitt løyve til å etablere eit stasjonsområde med tilhøyrande åtkomstveg for spesialtransport, samt etablere og leggje om høvesvis nye og eksisterande jordkablar. I tillegg til permanent arealbruk er det behov for mellombels arealbruk som køyrespor og riggplass. Både permanent og mellombels arealbruk er vist i detaljplankartet (vedlegg 1 til detaljplanen)¹², sjå figur 2.

¹² NVE-ref.: 202515046-24



Figur 2. Detaljplankart for Tjora transformatorstasjon. Kjelde: Lnett, desember 2025.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE meiner at detaljplanen beskriv den planlagde arealbruken på ein god måte. Godkjenninga føreset tilbakeføring av mellombelse anleggsområde til opphavleg tilstand innan anleggsarbeida avsluttast. Me minner om at planen ikkje kan fråvikast utan NVE si godkjenning. Dersom arealbruksbehovet endrar seg samanlikna med det som er beskrive i detaljplanen, må de ta kontakt med NVE for å avklare endringa.

4.2.1 Arrondering og istandsetting

Anleggskonsesjonen stiller krav om at Lnett skal foreta ei forsvarleg opprydding og istandsetjing av anleggsområda, som skal være ferdig seinast to år etter at anlegget er sett i drift.

Lnett skriv i kapittel 6.6 i detaljplanen om handtering av masser og istandsetjing av mellombels opparbeida areal innan anleggsarbeida avsluttast.

Statsforvaltaren i Rogaland påpeikar viktigheita av at Lnett minimerer behovet for mellombels bruk av jordbruksareal, at Lnett tek særleg omsyn til ikkje å blande jordsjikta ved mellomlagring og tilbakelegging, samt at Lnett må vurdere trykkavlastande tiltak ved behov. Lnett skriv i sin kommentar at dei tek innspelet til etterretning og har inkludert løysingar på Statsforvaltaren i Rogaland sine kommentarar i detaljplanen, t.d. Kap 6.6.

NVE vurderer at detaljplanen inneheld gode beskrivingar av prinsipp for massehandtering, arrondering og istandsetjing. Godkjenninga føreset at Lnett følg prinsippa i NVE sin rettleiar for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg¹³.

4.2.2 Permanente anleggsveier

I anleggskonsesjonen sin post nr. 13 er det sett vilkår om bygging av åtkomstveg:

Lnett skal beskrive hvordan adkomstveien skal utformes.

I detaljplanen sitt kapittel 5.4 er det beskrive korleis dei to permanente åtkomstvegane til transformatorstasjonen skal utformast. Det skal byggast ein hovudåtkomstveg for dagleg drift og ein åtkomstveg for spesialtransport. Det er naudsynt med to åtkomstveger fordi hovudåtkomstvegen ikkje dekker behov for spesialtransport, medan planlagt veg for spesialtransport går over eksisterande gang- og sykkelveg som skal oppretthaldast etter stasjonsutbygginga.

Hovudåtkomstvegen til stasjonstomta vil etablerast med permanent, utbetra asfaltert veg med avkøyring frå Raffinerivegen, ca. 40 meter lang og ca. 7 meter brei inkludert vegskulder.

Åtkomstveg for spesialtransport skal gå frå Energivegen og inn mot Tjora transformatorstasjon, via eksisterande gang- og sykkelveg, og vil vera ca. 250 meter lang og inntil 5 meter brei.

Oppgradering av eksisterande veg varierer i omfang, avhengig av behov for å endre på eksisterande fyllingar og skjeringar, utvide vegbanen, mv. NVE anbefaler at Lnett gjer nøye vurderingar av omfanget av naudsynte tiltak, og at de bruker riktig kompetanse til å vurdere behov for oppgradering og istandsetjing av åtkomstvegen for spesialtransport.

NVE vurderer at detaljplanen inneheld gode beskrivingar av prinsipp for etablering og istandsetting av dei to permanente åtkomstvegane. NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår av post nr. 13 i anleggskonsesjonen om å beskrive utforminga av åtkomstvegane. Me viser for øvrig til NVE sin rettleiar for terrengbehandling for utforming og istandsetting.

¹³[NVE Veileder Nr.2/2021 Veileder for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg.](#)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

4.2.3 Gang- og sykkelveg

I anleggskonsesjonens post nr. 13 er det sett vilkår om eksisterande gang- og sykkelveg:

Lnett skal beskrive hvordan gang- og sykkelvei på nordøstsiden av stasjonen skal opprettholdes etter stasjonsutbyggingen.

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.1.5 og 5.4 om korleis bruk av gang- og sykkelveg skal varetakast etter stasjonsutbygginga. Om lag 150 meter av den eksisterande gang- og sykkelvegen på nordaustsida av Tjora transformatorstasjon inngår i den ca. 250 meter lange, permanente åtkomstvegen for spesialtransport. Lnett skriv at gang- og sykkelvegen skal asfalterast til 3 meter breidde for å vareta tilsvarende uttrykk og funksjon som i dag, medan resten av utvidinga skal leggjast med grus. Det permanente uttrykket vil vera 3 meter asfaltert veg, gruslagt vegskulder opp til 5 meter breidde, og istandsette kantsoner.

Lnett skriv at det vil vera behov for noko heving av åtkomstveg for spesialtransport og eksisterande gang- og sykkelveg for å tilpasse og mogleggjere bruk gjennom driftsperioden. Omfanget varierer med terrenget og vil vera om lag 60 cm på det meste, sjå detaljplanens figur 5-8 for meir om høgdetilpassing av gang- og sykkelvegen.

NVE vurderer at detaljplanen inneheld gode beskrivingar for korleis gang- og sykkelveg skal oppretthaldast i driftsfasen. NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår av post nr. 13 i anleggskonsesjonen om å beskrive varetaking av gang- og sykkelveg etter utbygginga.

4.2.4 Mellombels køyrespor

Lnett har søkt om ein korridor for mellombels køyrespor frå Tjora transformatorstasjon og fram til ny kabelendemast for 66 kV Sande-Tjora sør for stasjonsområdet, sjå kapittel 4.1.6 og 5.4 i detaljplanen. Korridoren er vist med rosa felt på figur 2 over. Køyresporet skal etablerast i kanten av den dyrkbare jorda for å unngå oppdeling av jordbruksareal i anleggsperioden, og vil gå parallelt med ny jordkabel frå ny kabelendemast til Tjora transformatorstasjon. Lnett skriv at det mellombels råka arealet i stor grad består av kantvegetasjon og at dette området hovudsakleg vert brukt til lagring av rundballar.

NVE konstaterer at inngrepsgrensa er teikna inn på same kartet som viser midlertidig køyrespor, og minner om at Lnett må halde anleggsarbeida innanfor denne.

I avsnitt 3.3.3 i NVE sin rettleiar for terrengbehandling¹⁴ finn de prinsipp for terrengtransport som reduserer terrenginngrep. For å minimere risikoen for terrengskadar er det ein fordel om terrengtransport går føre seg på frosen mark. Alternativt kan beltegåande køyretøy med lågt marktrykk nyttast. I områder med dårleg bæreemne og slitestyrke bør de være spesielt merksame og vurdere avbøtande tiltak for å førebygge skade. Kva for avbøtande tiltak som bør brukast, kjem an på typen køyretøy og bakkens tilstand. Blaute køyrespor bør forsterkast med det same, og de bør så langt som mogleg bruke det same køyresporet. Transport bør gjennomførast på ein sånn måte at det ikkje oppstår erosjon ved etablering av køyrespor i sidebratt terreng eller ved kryssing av vassdrag og mindre bekker.

¹⁴[NVE Veileder Nr.2/2021 Veileder for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg.](#)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

For å unngå viftekyring setter NVE vilkår for godkjenninga om at de skal merke køyresporet i terrenget med band eller gjerde som ikkje forvitrar. I tillegg skal de vurdere merking i anleggsmaskinane sine styringssystem.

NVE godkjenner med dette korridoren for køyrespor frå Tjora transformatorstasjon til ny kabelendemast sør for stasjonsområdet slik den er teikna inn på detaljplankartet av 8. desember 2025. Godkjenninga føreset at de innanfor korridoren bruker det køyresporet som fører til minst mogleg inngrep i terrenget, og istandsetjing av alt mellombels opparbeida areal tilbake til opphavleg tilstand innan anleggsarbeida avsluttast. Me presiserer at køyrespor er mellombels arealbruk som skal tilbakeførast.

Dersom det vert naudsynt å justere køyresporet ut over den søkte korridoren, må dette avklarast i forkant med NVE. Sjå NVE sin rettleiar for informasjon om behandling av endringar frå godkjent detaljplan.¹⁵

4.2.5 Riggområde

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 5.4. og 6.4.1 om arealbruk og krav til opparbeiding, bruk og istandsetting av riggområde. Lnett har sett av to større riggområde i områda sørvest og nordaust for stasjonsområdet på høvesvis 1700 m² (R1) og 1650 M² (R2), sjå figur 2 over. De skriv konkret, men ikkje eine og åleine, at riggområdet skal brukast til mellomlagring av toppjord og lausmasser, samt betong frå rivingsarbeida knytt til rivinga av eksisterande Risavika transformatorstasjon.

Lnett oppgjer at arealet for riggområdet består av opparbeida areal, gras, og nokre småtrær. Området skal ryddast etter behov for tre og anna forveda vegetasjon, medan torv/jord skal skavast av og mellomlagrast for istandsetjing av same område innan anleggsarbeida avsluttast. NVE minner om at riggområde er mellombels arealbruk og skal tilbakeførast til opphavleg tilstand etter bruk. Godkjenninga føreset at de følg prinsippa i vår rettleiar for terrengbehandling ved opparbeiding og istandsetjing av riggområdet.¹⁶

4.2.6 Vinsj- og trommelplass

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 6.4.1 at vinsj- og trommelplassar ikkje er merkte på detaljplankartet, og at dette utstyret vil plasserast innanfor rettsbeltet, riggområde, veg eller i terrenget, avhengig av strekkseksjon.

NVE konstaterer at de i detaljplanen ikkje har søkt om område for vinsj- og trommelplass. NVE vurderer at de ikkje fritt kan setje opp vinsjutstyr og tromlar innanfor det disponible arealet som gjeve av detaljplankartet. Dersom de for plassering av vinsjutstyr og tromlar treng å nytte areal utanfor det godkjente rettsbeltet for luftleidningen eller anna anleggsareal som godkjennast i dette vedtaket, må dette søkjast om ved endringssøknad og godkjennast av NVE i forkant av arbeida.

4.2.7 Masselager

Lnett har ikkje søkt om eige område for masselagring, men skriv i detaljplanen sitt kapittel 5 og 6 at det vil være behov lagring av masser undervegs i anleggsarbeida og at all masselagring skal haldast innanfor inngrepsgrensa, sjå figur 2 over. Omtala masselagring i detaljplanen inkluderer

¹⁵[Detaljplan for energianlegg – endring av godkjent detaljplan.](#)

¹⁶[NVE Veileder Nr.2/2021 Veileder for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg.](#)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

mellomlagring av toppjord og lausmasser på riggområde og langs kabeltrase frå Tjora transformatorstasjon og fram til ny kabelendemast. De skriv også at de i forbindelse med rivinga av eksisterande Risavika transformatorstasjon vil nytte riggområda til å lagre betong som skal sendast til mottak, og ved behov også andre rivemassar før transport ut av området.

NVE vurderer at detaljplanen inneheld gode beskrivingar av massehandtering og handtering av rivemassar. Godkjenninga føreset at lagring av massar undervegs i anleggsarbeida berre skal skje på område NVE har godkjent for dette. Dersom de ynskjer å nytte område for mellombels lagring av masser ut over det omtala i detaljplanen, må dette særskild søkjast om og avklarast med NVE i forkant av arbeida.

4.3 Naturmangfald

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 er vurdert i konsesjonsbehandlinga i NVE sitt notat «Bakgrunn for vedtak» datert 13. juni 2024.¹⁷ I arbeidet med detaljplanen har Lnett den 26. mai 2025 innhenta oppdatert informasjon frå Statsforvaltaren i Rogaland. Lnett har også i november 2024 gått gjennom kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald innanfor tiltaksområdet ved søk i dei offentlege databasane Naturbase og Artsdatabanken. NVE har stadfesta desse opplysingane med eigne søk i Naturbase og Artsdatabanken den 1. desember 2025.

Det er eit naturvernområde i kort avstand (ca. 150 meter) frå stasjonsområdet for nye Tjora transformatorstasjon. Dette er eit fuglefredingsområde som strekk seg i frå Brunnavika i nord og sørover langs kysten. Me viser til Bakgrunn for vedtak datert 13. juni 2024 for vurderingar kring dette for anleggskonsesjonen.¹⁷

Disponibelt areal, og då særleg riggplass R1, grensar mot eit kratt med høg grunnvasstand. Statsforvaltaren i Rogaland omtala i samband med anleggskonsesjonsprosessen dette krattet til å vera av høg verdi og viktig for å skape ein buffer mellom fuglevernområdet i vest og verksemd knytt til eksisterande og komande industriområde på Tjora. NVE konstaterer at dette krattet ikkje skal råkast av tiltaket.

NVE meiner at vurderingane av naturmangfald i detaljplanen bygg på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, og at vurderingane er tilstrekkeleg konkrete og dekkande for tiltaket. Godkjenninga føreset at Lnett vurderer og gjennomfører naudsynte tiltak for å vareta krattet gjennom anleggs- og driftsfasen.

4.3.1 Fugl

I anleggskonsesjonen sin post nr. 10 er det satt vilkår om fugl:

Det skal vurderes og eventuelt gjennomføres avbøtende tiltak for å redusere risikoen for fuglekollisjoner på 66 kV ledningen Sande-Tjora 1 og 2.

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.1.2 at dette gjeld den delen av leidningen som går frå eksisterande mastepunkt 7 (ny kabelendemast) for 66 kV Sande-Risavika og inn til Tjora transformatorstasjon. Ettersom denne strekningen skal sanerast grunna etablering av ny kabelendemast og jordkabel frå dette mastepunktet og inn til stasjonsområdet, vurderer Lnett det til at det ikkje er behov for å gjennomføre avbøtende tiltak med omsyn til fugl.

¹⁷NVE-ref.: 202303345-11.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår av post nr. 10 i anleggskonsesjonen om merking for fugl.

4.3.2 Framande artar

I anleggskonsesjonens post nr. 13 er det sett vilkår om tiltak for å hindre spreiring av framande artar:

Lnett skal beskrive tiltak for å hindre spredning av fremmede arter. Miljødirektoratets rapport *Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige plantearter* skal legges til grunn for beskrivelsen.

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.1.4, 6.6 og 6.7 om kunnskapsgrunnlaget for førekomst av framande artar og korleis dei skal handtere desse med omsyn til anleggsarbeida. De skriv at ei kartlegging utført 11. august 2025 påviste to ulike framande artar innanfor tiltaksområdet: rynkerose og spirea. Desse har potensial for vidare spreiring, men med ulik risiko og behov for tiltak.

Me presiserer viktigheita av å planlegge anleggsarbeida slik at de unngår å spreie framande artar. Når jordmassar flyttast, kan framande artar spreist utan at de er klar over det. For at de skal unngå å spreie framande artar, må de ha kartlagt alle framande artar for områda som vert råka av anleggsarbeida. Like viktig som god kartlegging er det at de ved avdekking av framande artar treff dei riktige, naudsynte tiltaka for å førebygge og hindre vidare spreiring.

NVE ser at det i artsdatabanken.no er registrert fleire framande artar av kategori svært høg risiko i nærområdet, inkludert parkslirekne, raudhyll, bulkemispel, og to ulike artar av spirea registrert under kartlegginga datert 11. august 2025. Detaljplanen si framstilling av førekomstar av framande artar vurderast derfor som noko mangelfull.

NVE konstaterer at detaljplanen inneheld beskrivingar for korleis de skal førebygge og hindre spreiring av framande artar. Tiltak for handtering av masser infisert med framande artar inkluderer stadleg gjenbruk av teknisk egna masser, levering av overskotsmassar til lovleg mottak, merking og tildekking av mellombels lagra masser, og krav om dokumentasjon av reingjering av utstyr som har vore i kontakt med framande artar. De skriv vidare at reingjeringa skal utførast ved børsting med kost på staden for gravinga. NVE konstaterer at reingjering med kost for å børste av jord frå maskiner og utstyr er eit minstekrav til reingjering for å hindre spreiring av framande artar, jf. Miljødirektoratets rapport M-982.¹⁸

Me legg til grunn for godkjenninga at de vurderer risiko og gjennomfører naudsynte tiltak for å hindre spreiring av alle framande artar som førekjem innanfor tiltaksområdet, i samsvar med forskrift om framande organismar § 24¹⁹ og Miljødirektoratets rapport M-982. Dette inkluderer tiltak som spyling med vatn på duk eller etablert vaskestad. Godkjenninga føreset også at de oppdaterer kunnskaps-grunnlaget for førekomstar av framande artar innanfor inngrepsområdet, i tråd med Artsdatabanken.

På bakgrunn av dette vurderer NVE at detaljplanen oppfyller vilkår av post nr. 13 i anleggskonsesjonen om framande artar.

¹⁸ Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige plantearter.

¹⁹ [Forskrift 19. juni 2015 nr. 716 om fremmede organismer § 24.](#)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

4.4 Støy

Driftsfase

I anleggskonsesjonen sin post nr. 13 er det sett følgjande vilkår om støy i driftsfasen:

Planlagt støyreducerende tiltak i driftsfase skal beskrives, og støyberegning som dokumenterer ivaretagelse av støygrense skal vedlegges.

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.1.3 og 6.9 om handtering av støy og planlagde støyreducerande tiltak driftsfasen. Grunna stasjonstomta si nærleik til bustader blei det utført støyberegning i samband med konsesjonsprosessen med utgangspunkt i andre byggetrinn for Tjora transformatorstasjon; tre transformatornisjar med høvesvis to stk. 40 MVA transformatorar og ein stk. 160 MVA transformator. På bakgrunn av Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) la Lnett til grunn ei støygrense på $L_{\text{night}} > 40$ dB.²⁰ Berekningane fann at to bustader ligg innanfor gul sone og overskrid støygrensa med 4-5 dB, men at dette kan reduserast til under støygrensa med rette avbøtande tiltak.

Stasjonsområde for Tjora transformatorstasjon er sidan støyberekningane blei utført flytta 5 meter sørvest i forhold til opphavleg konsesjonsgjeven løysing. Lnett skriv at det er vurdert av utøvande konsulentverksemd av støyberekningane at dette ikkje medfører behov for ei oppdatert berekning av støy ettersom det ikkje vil ha ein vesentleg verknad på støysonene. Vidare inneber flyttinga av stasjonsområde at støykjeldene vert plasserte ca. 5 meter lenger vekk frå bustadane innanfor gul støysone.

Lnett skriv at det vil verte utført naudsynte støyreducerande tiltak for desse to bustadane. Støyreducerande tiltak som vil kunne redusere støyen til under grensa på 40 dB inkluderer etterisolering av tak og vegger på transformatorstasjonen med lydabsorberande materiale, akustiske rister som dempar lyd, og bruk av støysvake transformatorar.²¹

NVE vurderer at detaljplanen inneheld gode beskrivingar for støyreducerande tiltak og dokumentasjon for varetaking av støygrenser for omgjevnadane. Godkjenninga føreset at Lnett planlegg bygging av transformatorstasjonen i tråd med *Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442, 2021)*,²⁰ at de gjennomfører støyreducerande tiltak som beskrive i kapittel 4.5 i anleggskonsesjonen sin Bakgrunn for vedtak.²¹

NVE vurderer at vilkår av post nr. 13 i anleggskonsesjonen om støyregulerande tiltak i driftsfasen er tilstrekkeleg vareteke.

Anleggsfase

I anleggskonsesjonen sin post nr. 13 er det sett følgjande vilkår om støy i anleggsfasen:

Planlagte tiltak for å håndtere støy i anleggsfasen, basert på Miljødirektoratets veileder M-2061, herunder system for varsling av særleg støyende anleggsarbeider, skal beskrives.

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 6.9 at entreprenør skal varsle byggherre seinast ei veke i forkant av særleg støyande aktivitetar, samt orientere om kva tiltak som skal setjast i verk for å

²⁰ [Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging \(T-1442/2021\)](#)

²¹ NVE-ref.: 202303345-11.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

redusere støynivå og ulempe for tredjepart. De skriv vidare at støy frå drift og anleggsstrafikk skal overhalde grenseverdiar for bygg- og anleggsverksemd gjeve i *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T1442/2021)*,²² og at de skal søkje om naudsynt dispensasjon frå gjeldande myndigheit dersom det forventast overskriding av grenseverdiane. NVE legg dette til grunn for godkjenninga av detaljplanen og føreset at det gjeld alt anleggsarbeid for øvrig.

Miljødirektoratets rettleiar M-2061 vurderer at det er sannsynleg at grenseverdiar kan verte overskridne ved særleg støyande arbeid, som til dømes boring, pigging, spunting og pæling. NVE legg til grunn for godkjenninga av detaljplanen at de planlegg gjennomføringa av særleg støyande anleggsarbeid i tråd med Miljødirektoratets rettleiar M-2061. Det er i alle tilfelle viktig at naboar vert varsla i god tid i forkant av særleg støyande arbeider.

NVE vurderer at krav om system for varsling av særleg støyande anleggsarbeid inkluderer å beskrive eit system for varsling av tredjepart. Me meiner følgjeleg at detaljplanen ikkje tilstrekkeleg beskriv system for varsling av særleg støyande arbeider.

NVE sett derfor vilkår om at Lnett skal etablere eit system for varsling av særleg støyande anleggsarbeid for bebuarar og interesser nære tiltaksområdet. Systemet må etablerast før særleg støyande arbeider vert sett i gang.

4.5 Støv

I anleggskonsesjonens post nr. 13 er det sett følgjande vilkår om støv i anleggsfasen:

Aktuelle tiltak for å redusere støv i anleggsfasen skal beskrives, herunder rutiner og anlegg for vask av kjøretøy og vei for støv. Vurdering av tiltak skal gjøres ut frå kapittel 6 i *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanleggingen (T-1520/2012)*.

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 6.9 om handtering av utfordringar knytt til støv og støvflukt. De skriv at støvflukt frå anleggsområde og veger skal avgrensast, og tiltak for vurdering inkluderer redusert køyrehastighet, tildekking av massar ved transport, vask av køyretøy og vatning.

NVE legg til grunn for godkjenninga at Lnett fortløpande vurderer og gjennomfører naudsynte tiltak undervegs i anleggsarbeida, i samsvar med *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012)*.²³

NVE vurderer at detaljplanen inneheld gode beskrivingar av utfordringar knytt til støv og handtering av støvflukt i anleggsfasen. NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår av post nr. 13 i anleggskonsesjonen om å beskrive tiltak for å redusere støv i anleggsfasen.

4.6 Jordbruk

I anleggskonsesjonens post nr. 13 er det sett følgjande vilkår om jordressursar:

Lnett skal beskrive hvordan jordressursene skal håndteres, herunder muligheten for å gjenbruke dyrka jord som omdisponeres til jordbruksformål.

²² [Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging \(T-1442/2021\)](#)

²³ [Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging \(T-1520/2012\)](#)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 4.1.6 og 6.8 om kva grad tiltaket råker landbruksjord og korleis anleggsarbeida skal gå føre seg med omsyn til å sikre riktig disponering av jord. Ved gravearbeid på dyrka jord skal det vera fokus på skånsam handtering av matjord, blant anna med åtskilt mellomlagring, samt avgrensing på lagringstid.

Ved stasjonstomta er jordbruksareala registrert som «egna for oppdyrking til fulldyrka jord», men deler av stasjonstomta tidlegare vore nytta til fotballbane. På bakgrunn av dette vurderer Lnett at dette området ikkje er egna til dyrking.

Områda ved eksisterande gang- og sykkelveg kor Lnett skal etablere permanent veg for spesialtransport er kartlagt som «stor verdi» ut frå arealressurskart, og skal omsynstakast som jordbruksjord. Lnett skriv at matjord her skal skavast av og nyttast som planering langs sidene av vegen, men at deler av istandsetjinga kan verte krevjande grunna helling som kan gje utfordringar med reetablering av jordsmonn.

Området for etablering av ny kabelendemast, jordkabel og tilhøyrande mellombels anleggsveg er registrert som fulldyrka jord. Lnett skriv at anleggsvegen og kabelen skal leggjast til kanten av det dyrka området for å redusere oppdeling av jordbruksareal, og på ein slik måte at jordkabelen ikkje påverkar areala som dyrkbar mark etter avslutning av anleggsarbeida. De skriv også at dersom kabelen vert lagd i vekstsesongen vil dette påverke produksjon negativt det året.

NVE vurderer at detaljplanen inneheld gode beskrivingar for massehandtering på landbruksareal. Me legg til grunn at prinsippa oppgjeve i detaljplanen sitt kapittel 6.6 om massehandtering for etablering av kabeltrase på landbruksareal, tilsvarande gjeld for anna arbeid på landbruksareal, som etablering av ny kabelendemast og mellombels anleggsveg. Godkjenninga føreset òg at de legg kabelen med minst moglege negative konsekvensar for produksjon.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår av post nr. 13 i anleggskonsesjonen om å beskrive korleis jordressursar skal handterast.

4.7 Naturfare

Lnett omtaler naturfare i detaljplanen sitt kapittel 4.1.7. Her omtalast skred- og flaumfare. Lnett viser til at risiko mot naturfare er beskrive i samband med konsesjonssøknaden.

Planområde overlappar med aktsemdsområde for kvikkleire. Det er gjort geotekniske undersøkingar på staden, og resultat frå desse er tilgjengeleggjorte i karttenesta NVE-Atlas. NVE har også motteke den geotekniske rapporten, som vurderer at sikkerheita mot kvikkleireskred med omsyn til områdestabilitet er vareteke.

Etter at dei geotekniske undersøkingane vert gjort har Lnett fått utvida inngrepsområdet sør for stasjonsområdet, mot plasseringa for ny kabelendemast. Dette inneber etablering av jordkabel og mellombels køyrespor gjennom eit aktsemdsområde for kvikkleireskred. Dette området er ikkje inkludert i dei geotekniske undersøkingane gjort i samband med konsesjonssøknaden, men NVE konstaterer at de omtaler og vurderer dette i detaljplanen.

NVE minner om at det er Lnett sitt ansvar at planleggings-, anleggs- og driftsfase tek høgde for den reelle skredfaren, og at anlegget ikkje aukar faren for skred eller flaum for tredjepart. Me presiserer viktigheita av at de treff naudsynte og riktige tiltak ved opparbeiding av areal, slik at hydrologiske forhold ved inngrepa ikkje vert endra.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

I detaljplanen sitt kapittel 4.1.7 og 5.5 går det også fram at de skal etablere ein flaumvall nordaust for stasjonsområdet. Flaumvallen skal sikre forsvarleg handtering av overvatn i situasjonar med tilstrekkeleg nedbør til at det kan oppstå ein flaumsituasjon. De skriv at flaumvallen skal vera opp til 60 cm over eksisterande gang- og sykkelsti, og viser til kart og skisser for etablering og utforming av denne. NVE legg det til grunn for godkjenninga.

4.8 Kulturminne

I anleggskonsesjonen sin post nr. 13 er det sett følgjande vilkår om kulturminne:

Konsesjonæren skal avklare undersøkelsesplikten etter kulturminneloven § 9 før detaljplanen blir godkjent.

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 2.3 at Rogaland fylkeskommune stadfestar at det er gjort ei vurdering av området og at det ikkje er behov for undersøkingar. I e-post til NVE datert 2. september 2025 viser Lnett til at Rogaland fylkeskommune stadfestar at dei ikkje har nokre merknader til justeringa av kabeltraseen i etterkant av fyrste uttale.

NVE vurderer at detaljplanen oppfyller vilkår av post nr. 13 i anleggskonsesjonen om kulturminne.

4.9 Riving av eksisterande anlegg

I anleggskonsesjonen sin post nr. 11 er det sett følgjande vilkår om riving av eksisterande Risavika transformatorstasjon:

Det skal lages en plan for rivingen. Planen skal godkjennes av NVE før arbeidene settes i gang og kan inngå i detaljplanen for det nye anlegget.

Lnett skriv i detaljplanen sitt kapittel 5.3 og 6 om planer for kva som skal rivast og korleis arbeida skal gjennomførast. NVE legg til grunn at arealbruk (riggplass, åtkomst, mv.) naudsynt for rivingsarbeida er den same som er omtalt i detaljplanen for å bygge nye Tjora transformatorstasjon.

NVE vurderer at detaljplanen har lagt eit godt grunnlag for korleis anlegg som skal rivast skal gjennomførast, og meiner vilkåret om riving er oppfylt.

4.10 Oppsummering

NVE vurderer at detaljplanen er et godt utgangspunkt for korleis bygginga av Tjora transformatorstasjon og riving av Risavika transformatorstasjon skal gå føre seg, og at tiltak beskrive i detaljplanen vil være med på å avgrense ulemper som utbygginga kan medføre. NVE har i godkjenninga av detaljplanen sett vilkår for å sikre en avgrensing av ulemper for allmenne interesser og miljø. Vilkåra er presentert i vedtaksbrevet²⁴.

Detaljplanen kan ikkje fråvikast utan NVE si godkjenning. Lnett er ansvarlege for at vilkår og krav som ligg til grunn for godkjenninga av detaljplanen vert følgde.

²⁴ NVE-ref.: 202515046-33.